



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karina Liøen Frøland	Arkivkode: FE-242
Arkivsaksnr: 23/299	Løpenr: 23/4781
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	30.05.2023	017/2023
Kommunestyret	15.06.2023	050/2023

Tilskot til Samnanger Jeger - og fiskerlag 2023

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til naturutvalet vart samrøystes vedteken.

KS- 050/2023 Vedtak:

Samnanger kommune løyver følgjande tilskot til Samnanger Jeger- og Fiskerlag i 2023:

- Kr. 60 000 til flaumvurdering i samband med oppgradering av laksetrapp i Jarlandsfossen. Tilskotet blir finansiert med kr. 30 000 frå Vilt- og fiskefondet og kr. 30 000 frå disposisjonsfondet.

Jf. vedtak i naturutvalet 28.05.2019 i sak 014/2019 får Samnanger Jeger- og Fiskerlag også kr. 20 000 i årleg driftstilskot, uavhengig av vedtaket i denne saka. Tilskotet for 2023 vert utbetalt snarleg.

30.05.2023 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT- 017/2023 Vedtak:

Samnanger kommune løyver følgjande tilskot til Samnanger Jeger- og Fiskerlag i 2023:

- Kr. 60 000 til flaumvurdering i samband med oppgradering av laksetrapp i Jarlandsfossen. Tilskotet blir finansiert med kr. 30 000 frå Vilt- og fiskefondet og kr. 30 000 frå disposisjonsfondet.

Jf. vedtak i naturutvalet 28.05.2019 i sak 014/2019 får Samnanger Jeger- og Fiskerlag også kr. 20 000 i

årleg driftstilskot, uavhengig av vedtaket i denne saka. Tilskotet for 2023 vert utbetalt snarleg.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver følgjande tilskot til Samnanger Jeger- og Fiskerlag i 2023:

- Kr. 60 000 til flaumvurdering i samband med oppgradering av laksetrapp i Jarlandsfossen. Tilskotet blir finansiert med kr. 30 000 frå Vilt- og fiskefondet og kr. 30 000 frå disposisjonsfondet.

Jf. vedtak i naturutvalet 28.05.2019 i sak 014/2019 får Samnanger Jeger- og Fiskerlag også kr. 20 000 i årleg driftstilskot, uavhengig av vedtaket i denne saka. Tilskotet for 2023 vert utbetalt snarleg.

Dokument som er vedlagt:

Søknad om tilskot til flomvurdering ifm. oppgradering av laksetrapp i Jarlandsfossen

Notat_Fisketrapp_Jarlandsfoss_11.10.2022

Flomvurdering - oppgradering av laksetrapp i Samnanger - tilbud rev. mars 2023

Budsjett og rekneskap

Årsrapport

Søknad om tildeling av konsesjonsmidlar frå Vilt- og fiskefondet 2023

Vedtekter for bruk av konsesjonsmidlar i Samnanger kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Kvart år lyser Samnanger kommune ut høve til å søka om konsesjonsmidlar frå Vilt- og fiskefondet.

Midlane skal nyttast til tiltak som tek vare på eller betrar tilhøva for fisk, vilt og friluftsliv i kommunen. Private, frivillige lag og offentlege instansar kan søkje om tilskot.

Søknadsfristen er 1. april kvart år.

I år er det kome inn to søknader, begge frå Samnanger Jeger- og fiskerlag:

1. Søknad om tilskot til drift (20.000,-) samt utgifter til fiskekultivering i 2022 og 2023 (40.880,-)
2. Søknad om tilskot til flaumvurdering i forbindelse med oppgradering av laksetrapp i Jarlandsfossen med kr. 60.000,-.

Samnanger kommune har kr 108.808,- i Vilt og fiskefondet pr i dag. I juni får me nytt tilskot frå Eviny på ca kr. 108.000,-. (fast årleg reguleringskonsesjon)

Grunnkapitalen skal alltid vera 80.000,-, og etter at faste utgifter er trekt frå, er det om lag 34.000,- til fordeling av konsesjonsmidlar i 2023.

Vurderingar og konsekvensar:

Samnanger jeger – og fiskerlag søker om kr 20 000 i driftsmidler for 2023 og ber om tilskot til å dekke nokre av utgiftene med fiskekultivering i 2022 på kr 23.880, og kr 17.000,- som dei reknar med å få i 2023.

Jamfør *Vedtekter for bruk av konsesjonsmidlar i Samnanger kommune* skal Samnanger Jeger og fiskerlag få eit årleg driftstilskot på kr 20 000. SJFL treng ikkje søka om desse midlane, då dei vert utbetalt uavhengig av vedtak i denne saka. Arbeidet som inngår i dette er å arrangera jegerprøvekurs, drift av klekkeri for lakseyngel, organisering av sal av fiskekort og jaktkort.

I følge årsmeldinga for 2022 har laget ein sunn økonomi med pengar på bok og lite gjeld. Det vert difor ikkje vurdert som naudsynt å støtta laget med ytterlegare driftstilskot. Utgifter frå 2022 er også utgifter som allereie er dekkja.

I tillegg blir det søkt om midlar til å oppgradera laksetrappa i Jarlandsfossen. I søknaden skriv dei at slik laksetrappa framstår i dag, fungerer den ikkje for laks og sjørret, noko som er svært negativt for reproduksjon av fisk i vassdraget. Dei beste gyte og oppvekstområda i vassdraget ligg i området ovanfor laksetrappa. Dei vil sjølv bidra med 65.000,- til dette, og ber om 60.000,- i tilskot.

Samnanger jeger- og fiskerlag er eit aktivt lag, og har gjort, og gjer ein betydeleg innsats når det gjeld fiskekultivering. For at dei skal kunne utbetra laksetrappa, er det heilt naudsynt å gjera ei flaumvurdering først.

Rådmannen tilrår at Samnanger Jeger – og fiskerlag vert tildelt tilskot i forbindelse med oppgradering av laksetrappa i Jarlandsfossen. Då det ikkje er nok pengar til å dekkja heile tilskotsummen i Vilt og fiskefondet, vert det anbefalt å nytta midlar frå disposisjonsfondet, slik at dei kan koma i gong med prosessen. Naturutvalet har ikkje rådvelde over disposisjonsfondet, og saka blir difor sendt vidare til kommunestyret for endeleg avgjerd.